

Trygg og framtidsretta



Eigarskapspolitikk
2016-2019

Vedtatt av Time kommunestyre
08.11.2016



Time kommune



Innhold

Innleing	4
1.Time kommune si eigarportefølje	5
1.1 Organisering av kommunal verksemd	5
Selskap	5
Andre organisasjonsformer og samarbeid	5
1.2 Time kommune sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser	7
1.2.1 Selskap	7
1.2.2 Stiftingar	8
1.2.3 Samarbeid om tenester	11
1.3 Utviklinga i Time kommune sitt eigarskap og samarbeid	12
1.4 Motiv for eigarskapet	13
2 Kriterier og lovgrunn for val av selskapsform	14
2.1 Kriterier for val av selskapsetablering	14
2.2 Avvikling av selskap eller sal av eigarandalar	16
3 Prinsipp for godt og aktivt eigarskap og utøving av eigarskapet	17
3.1 Prinsipp for godt og aktivt eigarskap	17
3.2 Roller og ansvar i eigarorgan og styrer	17
3.3 Rutinar for arbeidet med eigarskap i Time kommune	19
Valde representantar	20
Selskapa	20
Kommunestyret	20
Økonomiavdelinga	21
3.4 Reglar for val og kommunen sine retningslinjer	21
Inhabilitet	22
3.5 Selskapa sitt samfunnsansvar	23
3.6 Godtgjering	23
3.7 Vurdering av behov for utarbeiding av eigarstrategiar	24
4. Eigarskapspolitisk plattform for Time kommune	25
4.1. Motiv og mål med offentlig eigarskap	25
4.2 Grunnlag for godt offentleg eigarskap	25
4.2.1. Krav retta mot eigar	25
4.2.2 Krav retta mot selskapet	26
4.3 Arbeidsformene for politisk og administrativ utøving av eigarrolla	27
4.3.1 Rolla til dei valde representantane	27
4.3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet	27
4.3.3 Rapportering om eigarrolla til Time kommune	28
Vedlegg	29



Innleiing

Den eigarskapspolitiske plattforma for Time kommune er ein samanfatning av dei måla, prinsippa og rutinane som gjeld for Time kommune som eigar.

I eigarskapspolitikken vert det gjeve ein oversikt over kor kommunen er eigar eller samarbeidspart og kva som er motivasjon for eigarskapet. Det vert drøfta kva formelle krav som ligg til grunn for dei ulike selskapsformene. Ut i frå dette vert det drøfta prinsipielt kva som bør leggjast til grunn dersom ein skal oppretta nye selskap.

Kommunane har stor fridom til å organisera verksemda si. Det gjeld både kva som skal delegerast vidare innanfor kommunen, for eksempel frå kommunestyret til administrasjonen, og kva som skal delegerast eller overførast til organ utanfor kommunen. Kommunen sine representantar i dei ulike organa er valde av kommunestyret, og dermed indirekte valde av innbyggjarane.

Det har over tid vore vesentlege endringar i korleis kommunane organiserer verksemda si. Blant anna har det vore ei auke i bruk av selskap. Kommunane opptrer også i større grad som aktørar i ein økonomisk marknad enten ved at dei sjølv eller via ulike samarbeid tilbyr tenester i marknaden i konkurranse med andre.

I forslaget til ny kommunelov vert det føreslått at kommunane jamleg skal få ei plikt til å leggja fram ei eigarskapsmelding i kvar valperiode. Målsettinga er å auka bevisstheten om eigarskap i kommunane og at kommunane har ein god og aktiv eigarskapspolitikk. I tillegg vert det føreslått at kontrollutvalet og revisor sin rett til innsyn også skal gjelda verksemd som føregår i selskap og andre organ utanfor kommunen.

I forslaget til ny kommunelov er det også føreslått ein regel om at kommunane aktivt skal informera om eigen aktivitet og om verksemd som andre rettssubjekt utfører på vegne av kommunen. Kommunen skal også leggja til rette for at alle kan få tilgang til slik informasjon.

Dersom forslag til ny kommunelov vert vedtatt skal nokre av dei interkommunale samarbeida Time har mest sannsynleg definera som regionråd. I tillegg vil det vera mogleg å definera samarbeid som kommunalt oppgåvafellesskap dersom ny kommunelov vert vedteken.

Time kommune har ein rolle som strategisk og langsiktig eigar i ulike selskap. Kommunen har valt å leggja noko av verksemda si til selskap eller av andre årsaker vera eigar i selskap. Time har ikkje oppretta nokon kommunale føretak. Kommunen er eigar i nokre interkommunale selskap og aksjeselskap, men eigarportefølgje er relativt avgrensa. Der det har dei seinare åra vore størst auke i talet på formalisert kommunesamarbeid.

Kommunen har som mål at det er opne forhold rundt eigarskapet. Prinsippa og rutinane for korleis dette skal ivaretakast og om det fungerer i praksis må drøftast jamleg. Det er utarbeidd eigarstrategiar for enkelt selskap i samarbeid mellom kommunane som er eigarar. Det vert i eigarskapspolitikken gjort ei vurdering av behovet for å gjera det for fleire selskap.

1. Time kommune si eigarportefølje

Kommunen sitt ansvarsområde og oppgåver følgjer av kommunelova og ei rekke særlover. Kommunen er mellom anna utøvar av mynde og tenesteprodusent.

Offentleg utøvar av mynde kan ikkje delegerast til eit anna rettssubjekt med mindre det fins særskild heimel for dette. Kommunen tilbyr også tenester som kommunen ved lov er pålagt å tilby. Slike tenester eller oppgåver vert ofte utførte av kommunen sjølv. Kommunen kan også påta seg andre oppgåver når dette vert oppfatta som hensiktsmessig og ikkje er i strid med lov eller lovfesta prinsipp.

Dei kommunale oppgåvene kan enten løysast av einingar i kommunen eller av andre rettssubjekt gjennom konkurranseutsetting, privatisering eller selskapsorganisering.

1.1 Organisering av kommunal verksemd

Selskap

Det er i hovudsak to moglegheiter som vert nytta av kommunar når verksemd vert skilt ut. Dette er interkommunale selskap og aksjeselskap.

Eit interkommunal selskap kan berre opprettast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. IKS-lova er tilpassa verksemder med eit visst forretningsmesseg preg. Når samarbeidet gjeld interne støttetenester, kan interkommunale selskap vera ei eigna samarbeidsform. Eit IKS er eit eige rettssubjekt. Kvar av deltarane heftar uavkorta for sin del av verksemda sine forpliktingar.

Eit aksjeselskap kan eigast av ein kommune aleine, saman med andre kommunar og fylkeskommune eller saman med private rettssubjekt. Eit aksjeselskap er ei eigna organisasjonsform for forretningsmesseg verksemd og for tiltak med ein vesentleg økonomisk risiko.

Andre organisasjonsformer og samarbeid

Kommunen har også anledning til å velja andre organisasjonsformer.

Kommunalt føretak (KF) kan nyttast når kommunen ønsker å gje ei verksemd ei noko meir sjølvstendig stilling enn det som gjeld i den tradisjonelle etatsmodellen. Føretaket er ikkje ein eigen juridisk person, men ein del av kommunen som rettssubjekt. Eigaren har ikkje avgrensa økonomisk ansvar.

Kommunen kan inngå samarbeid med andre kommunar utan ei organisatorisk overbygging. Då vert samarbeidet basert på ein avtale mellom deltarane, for eksempel kjøp og sal av tenester mellom kommunar. Det er ikkje nødvendig med lovheimel for denne type samarbeid og forholdet mellom partane vert regulert fullt ut i den avtalen som vert inngått.

I kommunelova er det gjeve reglar for nokre former for samarbeid mellom kommunar. Etter kommunelova sin § 27 kan to eller fleire kommunar eller kommunar og fylkeskommunar i fellesskap oppretta eige styre til å løysa felles oppgåver. Denne ordninga vert kalla interkommunalt samarbeid. Kommunestyret gjer sjølv vedtak om å oppretta eit slikt styre og kommunestyret kan sjølv gje det mynde til å treffa avgjerder som handlar om verksemda si drift og organisering. Eit slikt styre vil i nokre tilfelle vera eit eige rettssubjekt og i andre tilfelle ikkje. Eit interkommunalt styre må ha som formål sjølv å løysa oppgåver og må derfor ha ein viss mynde til å ta avgjerder.


I forslaget til ny kommunelov vert det føreslått å lovfesta to nye samarbeidsformer til erstatning for interkommunalt samarbeid etter § 27 i gjeldande kommunelov. Det eine er kommunale oppgåvefellesskap som er berekna på samarbeid om enkeltståande tenester. Det er føreslått å lovfesta at det skal inngåast ein samarbeidsavtale for kommunale oppgåvefellesskap. Hensikta med dette er å sikra at oppgåvefellesskapet tilfredsstiller visse minimumskrav til representasjon, organisering og liknande. Det andre er å lovfesta ein regionrådsmodell. Formålet med denne endringa er å tilpassa reglane til praksis som er utvikla etter at dagens § 27 vart vedteken.

Det kan også etablerast vertskommunesamarbeid mellom to eller fleire kommunar etter reglane i kommunelova kap. 5 A. Kommunane kan velja mellom administrativt samarbeid etter § 28-1 b og vertskommune med felles folkevald nemnd etter § 28-1 c. Det som særpregar desse er at vertskommunen kan utføra oppgåver og treffa avgjerder etter delegert mynde frå samarbeidskommunane. Dette er særleg eigna for samarbeid om lovpålagte oppgåver med innslag av utøving av mynde. I eit administrativt samarbeid kan vertskommunen berre treffa vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Ved folkevald nemnd kan deltakarkommunane også delegera mynde i saker av prinsipiell karakter.

Kommunar kan delta i samvirkeføretak. Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Det har medlemmar og ikkje eigrarar. Det vert styrt av dei som handlar med føretaket og dermed har direkte nytte av den verksemda som vert driven. På årsmøtet, som er samvirket sitt øvste organ, vert vedtak som hovudregel fatta ut i frå prinsippet om eitt medlem ei stemme.

Kommunar kan oppretta stiftingar. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøva styring over verksemda eller ta utbytte. Stifterane kan ikkje løysa opp stiftinga. Ei stifting er berre ei hensiktsmessig organisasjonsform der det er ønskje om å gje verksemda heilt uavhengig av kommunen.

Alternative organisasjonsmodellar:



Det er eigar sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa selskapet sitt formål, behovet for eigarsstyring, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsforhold og det aktuelle lovverket.

1.2 Time kommune sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser

Time kommune har eigarinteresser i ulike selskap, har tilknytting til stiftingar og deltek i ei rekke formaliserte samarbeid om leveranse av tenester.

1.2.1 Selskap

Time kommune har eigarinteresser i aksjeselskap (AS), interkommunale selskap (IKS) og eit gjensidig forsikringsselskap.



Eigarinteressene til Time kommune er i følgjande selskap:

Selskap	Andel	Selskapet sine oppgåver
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	6,04 %	Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet frå deltagarane blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk i samsvar med arkivlova.
IVAR IKS	5,49 %	Levere drikkevatn til eigarkommunane, ta i mot og handsame avlaupsvatn og avfall frå eigarkommunane. I Time har selskapet drifts- og utbyggingsansvar for den kommunale vass- og avlaupsinfrastrukturen.
Rogaland Brann og Redning IKS	3,35 %	Dekke eigarkommunane sine plikter, oppgåver og behov i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova sine krav til kommunane. I tillegg skal selskapet drifta og utvikla Samfunnssikkerhetssenteret i Rogaland (Sasiro). Kommunalt ansvar for tilsyn med biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar som kan ha innverknad på helse (jmf. Folkehelseloven) er delegert til selskapet.
Jæren Industripartner AS	33,33 %	Gjennom næringsverksemd å tilby program for avklaring, utvikling og vedlikehald av kompetanse hos arbeidssøkjarar og tiltakstilsette med spesielle behov.
Jæren skoglag AS	9,87 %	Erverv av eigedommar med sikte på skogplantning. I tillegg driftar selskapet skogareala dei eig. Selskapet eig i dag 8 eigedomar med eit samla areal på nær 12 000 daa i Time, Klepp, Hå og Gjesdal
Lyse AS	5,83 %	Skape verdiar for kundane, eigarane og samfunnet. Syte for ei sikker og rasjonell energiforsyning til selskapet sine kundar. Kjerneverksemda skal vera innanfor forretningsområda energi og breiband.
Allservice AS	1,01 %	Skapa grunnlag for attføring av yrkeshemma gjennom næringsverksemd. Målet er avklaring og kvalifisering med sikte på ordinært arbeidsliv eller utdanning. I eit begrensa omfang kan bedrifta også gje tilbod om varig sysselsetting for personar som ikkje er aktuelle for ein open arbeidsmarknad.
Måltidets hus AS	0,71 %	Bistå dei som er aksjonarar, som direkte og indirekte er knytt til produksjon og marknadsføring av mat og drikke, med konsulentteneter og informasjonsutveksling. I tillegg skal det arbeidast med å forbetra matvareprodukt ved å fokusera på kvaliteten og kunnskap om råvarene.
KLP (gjensidig forsikringsselskap)	Årleg auke av eigardel	Skal ivareta medlemmane sitt behov for tenestepensjonsordnignar. Dette gjeld livs- og pensjonsforsikringar. Selskapet kan administrere og forvalte kommunale pensjonskassar og pensjonsordningar.

1.2.2 Stiftingar

Kommunen har vore med og etablert ein del stiftingar og har styrerrepresentasjon i ein del av desse. Kommunen gjev også årlege tilskott til ein del av stiftingane.

Ei stifting er sjølveigande og kommunen kan ikkje utøva eigarstyring. Kommunen rår heller ikkje over formueverdien som er overført til stiftinga. Organisasjonsforma har vore lite brukt av kommunen dei siste åra og vert sett på som ueigna dersom kommunen ønskjer ei form for tilsyn eller kontroll over verksemda. Styring kan ein i hovudsak oppnå gjennom vilkår i tilsegnsbrev, dersom kommunen gjev tilskot til stiftinga.

Det er strenge vilkår for å kunna oppheva eller endra ein stifting. Blant anna er det klare avgrensingar i moglegheita til å overføra verksemda til eit anna rettssubjekt, for eksempel aksjeselskap. Dei som har oppretta ein stifting kan ikkje søkja om slike endringar. Denne kompetansen ligg hos styret i stiftinga.

Verksemد	Føremål	Selskaps-form	Styrerep.	Årleg tilskott
Jæren produkt-utvikling	Yte bistand til ideskaparar og etablerarar på Jæren og dermed stimulere til kreativitet og nyskaping.	Stifting	Ja	Ja
Jærtek	Å tilføre arbeidslivet kompetanse, tenester og teknologiske løysingar for optimal utstyrsutnytting og effektivisering av arbeidsoperasjonar.	Stifting	Nei	Nei
Vinterlandbruks-skulen på Jæren	Gje tilbod om kompetanseutvikling innan landbruket, først og fremst ved å drive undervisning på vidaregåande nivå i samsvar med Lov om private skolar (privatskolelova), og Opplæringslova.	Stifting	Ja	Ja
Rogaland Arboret	Rogaland Arboret skal vere eit arboret for Rogaland fylke der det skal plantast eksemplar av vårt lands trær og busker, søke å bevare ein del av den naturlege vegetasjon, samt plante trær og busker frå andre land.	Stifting	Representant-skap	Ja
Stiftelsen Lyefjell Gåvefond	Å dele ut midlar til einskild eller grupper av personar med psykisk utviklingshemming heime-høyrande i Klepp eller Time kommunar.	Stifting	Ja	Nei
Funkishuset Sandnes	FunkisHuset er eit lågterskel helse- og omsorgs-tilbod til rusmiddelavhengige over 18 år i kommunane Sandnes, Sola, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.	Stifting	Ja	Ja
Stiftinga Frøyland-Orstad kyrkje	Reise og drive kyrkjebygg i området for skulekretsane Frøyland og Orstad	Stifting	Nei	Nei
Jæren symfoniorkester	Å vera eit tilbod til unge musikarar frå kulturskulane når dei er komme opp på eit tilstrekkelig nivå samt å gje innbyggjarane i jærkommunane eit lokalt konserttildot med klassisk, symfonisk musikk.	Foreining/ lag	Årsmøte-representant	Ja

1.2.3 Samarbeid om tenester

På ei rekkje område er det inngått formelle samarbeid med andre kommunar om leveranse av tenester eller samarbeid om tenesteutvikling. Felles for desse er at det ligg avtalar til grunn for samarbeidet. Dette skil seg frå tenester kommunen kjøper frå andre private eller offentlege aktørar i marknaden. Likevel er ikkje tenesta skilt ut frå ordinær kommunal verksemd, slik den er når selskap vert etablert. Modellane og avtalane som vert nytta ved samarbeid varierer.



Samarbeida er delt inn i tre ulike grupper:

- a). Samarbeid organisert etter § 28- 1 b i kommunelova, som er bestemminga om administrativt vertskommunesamarbeid. Det går fram av avtalane for desse samarbeida at dei er organisert som vertskommunesamarbeid.
- b). Samarbeid organisert som interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommunelova. Det er få visningar til dette i avtalane som føreligg, men organiseringa minner om samarbeid etter § 27.
- c). Andre samarbeid som ikkje har ei organisering i samsvar med kommunelova § 27 eller 28- 1 b.

Vidare er samarbeida klassifisert i forhold til kva type aktivitet som er lagt til samarbeida. Det er skild mellom følgjande tre typar aktivitet i oversikten: vedtak, teneste og samarbeid.

Det varierer mellom dei ulike samarbeida om vedtaksmynnda knytt til kven som skal motta tenesta ligg hos den enkelte kommune eller hos den kommunen der tenesta er lokalisert. For å synleggjera kva samarbeid dette gjeld går dette fram av kollonna «aktivitet», der desse er merka med «vedtak».

Når det er samarbeid om leveranse av tenester men vedtaket vert fatta i den enkelte kommune, er dette vist gjennom at desse er omtala som «teneste» i oversikten.

Samarbeid om oppgåver som ikkje er retta direkte mot tenesteleveranse i første rekkje, men der hovudmålet er å få gevinstar på meir overordna samfunnsnivå gjennom felles tenesteutvikling er definert som «samarbeid» i kollonna «aktivitet».

Det er ikkje noko politisk handlingsrom på detaljnivå i dei tilfella der samarbeidet er regulert i avtalar og det vert levert tenester. Det vil derfor ikkje vera hensiktsmessig å oppretta eigne styre for desse samarbeida. I tilfelle der det vert fatta vedtak eller formålet er samarbeid om tenesteutvikling er det politiske handlingsrommet større, og det kan vera hensiktsmessig med eigne styre.

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål	Aktivitet
a). Administrativt vertskommunesamarbeid (kl § 28-1 b)				
Jæren kemnerkontor	Time	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Skatteinnkrevjing og arbeidsgjevarkontroll	Vedtak
Legevakt - ettermiddag og kveld	Klepp	Klepp og Time	Akutthjelp utanfor ordinær arbeidstid	Teneste
Legevakt - natt	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes og Time	Akutthjelp - natt	Teneste
Jæren øyeblikkelige hjelp	Klepp	Gjesdal, Klepp, Sandnes og Time	Alternativ til sjukehusinnleggelse (Time har 2 plassar)	Teneste
Tiltaksavdeling barnevern	Time	Time, Klepp og Hå		Teneste
Barnevernvakt	Sandnes	Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå og Time		Vedtak
Krisesenter	Stavanger	18 kommunar		Teneste
b). Interkommunalt samarbeid (kl § 27)				
Jærrådet	Sekretariat på omgang	Time, Hå, Klepp, Sandnes, Gjesdal	Interkommunalt samarbeidsorgan	Samarbeid
Jæren friluftsråd	Sandnes	Time, Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola	Sikra, leggja til rette og driva områder som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevelser, leggja til rette aktivitet og auka forståelsen av friluftsliv	Teneste
Jærskulen	Time	Gjesdal, Hå, Klepp og Time	Skuleutvikling	Samarbeid
c). Andre samarbeid				
Eirik Raude senteret	Klepp	Klepp og Time	Bistå elevar og skular med hjelpetiltak ved spesielle behov	Vedtak
Plogen	Bryne vgs	Bryne vgs, Klepp, Time, Gjesdal og Hå	Tilpassa ungdomsskuletilbod	Teneste
ACT-Team	Jæren Distrikts-psykiatriske senter	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Behandlingsteam innan psykisk helse	Teneste
Psykososialt kriseteam	Klepp	Klepp og Time	Psykososial førstehjelp	Teneste
Grunnskule for vaksne	Time	Hå, Klepp og Time	Ordinær grunnskule for vaksne	Vedtak
Norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar	Time	Klepp og Time	Obligatorisk opplæring i 600 timer og eventuelt behovsprøvd opplæring	Vedtak
NAV lokalkontor	Time	Time og Arbeids- og velferdsetaten i Rogaland	Felles arbeids- og velferdskontor for innbyggjarane i kommunen	Vedtak
Region Stavanger	Sandnes	15 kommunar og ei rekke private og offentlege aktørar	Sals- og marknadsføringsorgan for reiseliv	Samarbeid
Greater Stavanger Economic Development AS	Stavanger	Medlemsskap	Fremje, utvikle og støtte samarbeidstiltak som fremjar regionen si verdiskaping, konkurransekraft og berekraft	Samarbeid

1.3 Utviklinga i Time kommune sitt eigarskap og samarbeid

I 2015 selde Time kommune eigardelane sine i Jæren kompetansesenter AS til Rogaland fylkeskommune. Dette skuldast at bygget som Jæren kompetansesenter AS hadde drive med utleige av vart rive i samband med bygging av ny vidaregåande skule på Bryne.

Felles kommunal pensjonsordning vart frå 01.07.2014 overført frå DNB til KLP. Kommunen betaler årleg inn midlar for å auka eigardelen sin i KLP tilsvarande utviklinga i pensjonsforpliktingane.

Stiftinga Lyefjell Avlastningsheim vart omdanna til Stiftinga Lyefjell gåvefond i 2015.

I 2016 vart Time kommune sin eigardel i arbeidsmarknadsbedrifta Attende AS på 1,75 % overdratt til Stavanger kommune.

Samarbeid om tenester er relativt dynamisk og nye samarbeid vert inngått og tidlegare samarbeid vert avslutta.

I 2016 vert det starta opp felles tiltaksavdeling for barnevern med Time som vertskommune.

I 2015 vart avtalen om medlemsskap i Greater Stavanger fornya for perioden 2016 til og med 2019.

1.4 Motiv for eigarskapet

Måla for offentleg eigarskap er ofte samansette. Det kan likevel vera hensiktsmessig å kategorisera selskapa ut i frå kva som er hovudhensikta med selskapsorganiseringa.

Ein eller fleire av dei fem kategoriene nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

For selskap kor eigarskapet er finansielt motivert er målet bedriftsøkonomisk lønnsemd. Det har ein låg økonomisk risiko for eigaren og ein høg avkastning/utbytte/verdiskaping for den investerte kapitalen.

Politisk motivert eigarskap er når motivet og hovudgrunngjevinga er eit strategisk val om å posisjonera kommunen eller regionen.

Effektivisering av tenesteproduksjon er motivert og grunngjeve med at fellesløysingar bidreg til meir effektiv tenesteproduksjon enn å yta tenesta sjølv. Det er sentralt å kunna oppnå meir tenesteproduksjon og eller auka kvalitet for dei midla som er til disposisjon.

Samfunnsøkonomisk motivert er grunna i at kommunen gjennom selskapet totalt sett vil oppnå meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat eller betre samfunnsøkonomisk gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga står sentralt.

Regionalpolitisk posisjonering er der motivasjonen og grunngjevinga er at det styrker regionen sine moglegheiter og posisjon når det gjeld å gjennomføra oppgåver i forhold til andre regionar og nasjonalt. Posisjonering for å utløysa statlege midlar eller prioriteringar kan også vera ein del av grunngjevinga.

Selskap	Motiv
Interkommunal arkiv i Rogaland IKS	Effektivisering av tenesteproduksjon
IVAR IKS	Effektivisering av tenesteproduksjon
Rogaland Barnn og Redning IKS	Effektivisering av tenesteproduksjon
Jæren Industripartner AS	Effektivisering av tenesteproduksjon, samfunnsøkonomisk motivert
Jæren skoglag AS	Samfunnsøkonomisk motivert
Lyse AS	Effektivisering av tenesteproduksjon, regionalpolitisk motivert, samfunnsøkonomisk motivert og finansielt motivert
Allservice AS	
Måltidets hus AS	Regionalpolitiisk motivert
KLP	Effektivisering av tenesteproduksjon

2. Kriterier og lovgrunn for val av selskapsform

2.1 Kriterier for val av selskapsetablering

I samband med ei vurdering av om det skal opprettast selskap er det viktig å ta stilling til kva kommunen skal vektleggja. Grunnlaget for at ein vurderer å etablera selskap i staden for å løysa oppgåva innanfor ordinær kommunal verksemd kan vera:


- For å fristilla eller gje større fleksibilitet til delar av verksemda
- For å kunna etablera eit samarbeid med andre på område der dette er fornuftig
- For å synleggjera delar av kommunal verksemd som er i ein konkurransesituasjon
- For å synleggjera at dette er eit område som skal styrast av andre

Ved vurdering av oppretting av selskap er det viktig å klargjera kor stor grad av styring kommunen ønskjer å ha med verksemda. Det må leggjast til grunn for val av organisering. Dersom ein aktivitet som i dag vert gjort av ei stifting er viktig for kommunen å kunna styra, kan det vera at det bør opprettast eit selskap for å handtera denne aktiviteten. Dersom ein aktivitet som i dag ligg i eit selskap, bør fullt ut styrast av dei folkevalde bør denne integrerast i kommunal verksemd. Det kan også vera område som i dag er ein integrert del av kommunen som ein kunne oppnådd betre resultat for, dersom ein organiserte det i selskap. Hensikt og omgjevnadane kan endra seg over tid, og den organisasjonsforma som vart vald i utgangspunktet, treng ikkje vera riktig når det har gått ei tid.



Følgjande forhold må vurderast i samband med vurdering av organisering:

- Kor stor grad av styring ønskjer kommunen å ha med verksemda?
- Kva område ønskjer me stor grad av styring, og kva område ønskjer me mindre grad av styring?
- Korleis ønskjer kommunen at styringa skal vera fordelt mellom folkevalde og administrasjon?
- Kor tett ønskjer dei folkevalde å følgja verksemda?
- Kor stor risiko skal kommunen ta?



For lovpålagte oppgåver som inneber utøving av offentleg mynde har ikkje kommunen same grad av fridom til å velja organisasjonsform som når kommunen driv forretningsdrift. Det skuldast at kommunen ved utøving av offentleg myndighet skal ivareta omsynet til innbyggjarane sin rettstryggleik og demokratisk kontroll.

Når ein kommune vel å inngå eit interkommunalt samarbeid er det mange ulike motiv som kan vera årsaka. Motiv som ofte vert trekt fram er:

- Ein vert mindre sårbar
- Det gjev moglegheit for betre ressursutnytting gjennom stordriftsfordelar
- Ein får nødvendig kompetanse
- Kvaliteten aukar
- Moglegheita til å gjennomföra statleg initierte reformer vert betre
- Ein kan samlast om å hevda felles interesser utovervendt
- Det avlastar den enkelte kommunen
- Det er meir demokratisk enn å la private utföra oppgåvene

Interkommunalt samarbeid er i mange samanhengar svært praktisk og bidreg til å dekka kompetansebehov, til læring og til god utnytting av eksisterande ressursar. Interkommunalt samarbeid kan i mange tilfelle vera viktig for å kunna levera tenester til innbyggjarane.

Samtidig reiser interkommunalt samarbeid nokre prinsipielle og praktiske problemstillingar. Omsynet til effektivitet og tenesteleveranse kan bryta med omsynet til demokratisk styring og kontroll. Dersom kommunestyret skal få dei ønska resultata av det interkommunale samarbeidet, krev det ofte at ein viss grad av styring og kontroll vert lagt til samarbeidet. Det kan svekkja prioriterings- og styringsevna i kommunestyret. God og riktig organisering er avgjerande for å imøtekoma dette.

Dersom ein organiserer verksemda slik at oppgåver og utgifter ikkje må prioriterast opp i mot alle dei andre kommunale oppgåvene, kan det økonomiske ansvaret verta svekka.

Organisering i interkommunale samarbeid, kommunale føretak og aksjeselskap kan bidra til auka byråkratisering fordi det gjev behov for rapportering og kontrollrutinar.

Når kommunar skal samarbeida om lovpålagte oppgåver med innslag av utøving av mynde, er det vertskommuneforma som er særskilt utarbeida for eit slik samarbeid.

Når kommunar vel å samarbeida om å utføra oppgåver eller utfører dei gjennom sjølvstendige einingar, må forholdet til regelverket om offentlege anskaffingar og regelverket om offentleg støtte avklarast.

2.2 Avvikling av selskap eller sal av eigarandelar

Det er ikkje vurdert som hensiktsmessig å avvikla nokon av selskapa kommunen er eigar i på nåverande tidspunkt.

Arbeidsmarknadsbedriftene er inne i ei betydeleg omstilling. Staten greier ut korleis dei ulike tiltaka skal organiserast og plasserast i framtida. Time kommune har ein eigardel på 1,01 % i Allservice og heller ingen aktiv rolle i styring og utvikling av selskapet. På bakgrunn av dette kan det vera hensiktsmessig at dei andre eigarane overtek Time sin eigardel i selskapet.

Det er ikkje funne grunnlag for å selja eigardelar i andre selskap på nåverande tidspunkt.

Slik vil me gjera det:

- Avhenda kommunen sine aksjer i Allservice AS

3. Prinsipp for godt og aktivt eigarskap og utøving av eigarskapet

3.1 Prinsipp for godt og aktivt eigarskap

God folkevald styring skal også gjelda for verksemd som er lagt til eit selskap. Kommunestyret har det overordna ansvaret og det er viktig å oppretthalda god folkevald styring.

Det er viktig at kommunestyret som eigar får kunnskap og innsikt i omfanget av selskapsorganisering og i dei styringsmoglegheitene som dei har i dei selskapa kommunen har eigardeler i. Det er viktig at dei folkevalde får innsikt i dei ulike rollane ein har som folkevald, som styremedlem eller som medlem av representantskap eller generalforsamling.

Føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyre og eigarorgan er viktig for å sikra engasjement, debatt og reell politisk avklaring.

Likebehandling, politisk ærlegheit og respekt for spelereglane er avgjerande for at innbyggjarane skal ha tillit til dei kommunale vedtaksprosessane. Styret i eit selskap har ansvar for at innbyggjarane har tilstrekkelig med informasjon til å følgja med i politikken og stilla dei styrande til ansvar. Det er viktig at innbyggjarane også har moglegheit for å delta i debatt og vedtaksprosessar som gjeld verksemd lagt til eit selskap.

Slik vil me gjera det:

- Aktivt informera innbyggjarane om verksemd som vert utført for kommunen av selskap

3.2 Roller og ansvar i eigarorgan og styrer

Roller og ansvar i IKS

I eit IKS har deltarane samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar. Selskapet sitt eigarorgan og øvste mynde er representantskapet. Deltakarane skal oppretta ein skriftleg selskapsavtale.

Forvaltninga av selskapet ligg hos styret og dagleg leiar. Deltakarkommunane utøver eigarskapet gjennom sine valde medlemmar i representantskapsmøtet. Kommunestyret har instruksjonsrett over sine medlemmar i representantskapet. Representantskapet vel styret. Det kan også instruera styret og gjera om på vedtak. Gjennom selskapsavtalen kan det gå fram at gjevne saker må godkjennast i representantskapet.

Roller og ansvar i aksjeselskap

I eit aksjeselskap har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske plikter. Det øvste organet i selskapet er generalforsamlinga. Her utøver eigarane den øvste mynda i selskapet. Eigarane kan gjennom vedtekter, instruksar og andre vedtak i generalforsamlinga fastsetja rammer og gje nærmare reglar for styret og dagleg leiar. Generalforsamlinga vel styret. Selskapet vert leia av styret og dagleg leiar. Det er styret sitt ansvar å tilsetja dagleg leiar. Ein gong kvart år bør styret gjera ei vurdering av dagleg leiar.

Styret har det overordna ansvaret for at selskapet vert drive i samsvar med eigarane sitt formål og innanfor lovverket. Styret har også ein viktig funksjon for å sikra strategisk planlegging for selskapet.

Roller og ansvar i kommunalt føretak

I eit kommunalt føretak er kommunen part i alle avtalar og heftar for selskapet sine forpliktingar. Dei tilsette har kommunen som arbeidsgjevar. Føretaket vert leia av eit styre, som er utpeikt direkte av kommunestyret. Dagleг leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret. Føretaket er derfor direkte underlagt kommunestyret sin budsjettmynde. Rådmannen har ikkje makt til å instruera eller gjera om på vedtak i føretaket.



Rutinar i selskapsstyre

Eigar har ansvaret for å sikra at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapet sine mål. Eigar bør også anbefala styret sjølv å jamleg vurdera eigen kompetanse ut frå eigarane sitt formål med selskapet.

Følgjande rutinar kan bidra til å sikra utvikling av nødvendig kompetanse:

- Fastsetja styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling
- Foreta ei eigenevaluering kvart år
- Gje nye styremedlemmar og varamedlemmar opplæring i ansvar, oppgåver og rollefordeling
- Fastsetja ein årleg plan inkludert møteplan, med vekt på mål, strategi og gjennomføring
- Gjera ei samla vurdering av selskapet si styring og leiing i ein årsrapport

For at varamedlemmar skal kunna delta i drøftingar og avgjerder når dei stiller i møte er det avgjerande at dei jamleg vert haldne informert om styret sitt arbeid. Styret har ansvaret for å gje dei tilstrekkeleg informasjon og varamedlemmane å setja seg inn i denne.

Slik vil me gjera det:

- Gje opplæring til styremedlemmar og varamedlemmar
- Oppmoda styra å gjennomføra eigenvurdering av kompetansen sin
- Be om å få tilsendt stadfesting på at styret har gjennomført eigenevaluering
- Oppmoda om at styrerepresentantar registrerer verv i styrevetregisteret

3.3 Rutinar for arbeidet med eigarskap i Time kommune

Det er utarbeidd rutinar som skal leggjast til grunn for arbeidet med eigarskap i Time kommune. Rutinane er inndelt i aktivitetar som skjer jamleg gjennom året, årleg og ein gong kvart fjerde år. I tillegg går det fram kven som har ansvar for aktivitetane.

Kontinuerleg		Årleg		Kvart 4 år (år 1 i valperioden)	
Aktivitet	Ansvar	Aktivitet	Ansvar	Aktivitet	Ansvar
Innkallingar og referat til styremedlem og kommunen	Selskapa	Innspel til valkomite for val av styremedlemmar	Kommune-styret	Utarbeiding av eigarskaps-politikk	Økonomi-avdelinga
Styredeltaking	Valde representantar	Val av representantar til representantskap/ generalforsamling/ bedriftsforsamling	Kommune-styret	Behandling av eigarskaps-politikk	Kommune-styret
Delta i administrativ interkommunal arbeidsgruppe	Økonomi-avdelinga	Delta i representantskap/ generalforsamling/ bedriftsforsamling	Valde representantar	Opplæring av nye valde representantar	Rådmann/ økonomi-avdelinga
Saks-behandling og utarbeiding av eigarstartegier	Økonomi-avdelinga	Orientere kommunestyret om viktige saker før/ etter representantskap/ generalforsamling/ bedriftsforsamling	Valde representantar	Plan for selskaps-kontroll	Kommune-styret
Informasjon til innbyggjarane	Kommunikasjon	Møte med formannskap og valde representantar	Formannskap og valde representantar		
		Oversending av årsrapport og årsrekneskap	Selskapa		
		Utarbeiding av eigarmelding	Økonomi-avdelinga		
		Behandling av eigarmelding	Kommune-styret		

Valde representantar

Valde representantar deltek i styre, representantskap, generalforsamling eller bedriftsforsamling.

Dei formelle eigarmøta er generalforsamling eller representantskap. Gjennom IKS-lova er representantskapet tillagt fleire oppgåver enn generalforsamlinga i eit aksjeselskap. Representantskapet skal fastsetja budsjett, økonomiplan og rekneskap. Vedtak om sal eller pantsetting av fast eigedom eller andre større investeringar er også lagt til representantskapet.

Det kan ved behov eller i tråd med eigarstrategiar gjennomførast eigarmøte. Det er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet. Møta kan nyttast til å drøfta strategiar utan å treffa formelle vedtak. Møtet er ikkje lovregulert og det skal derfor vera ein uformell arena der ein ikkje fattar vedtak. Det bør ikkje leggjast føringar eller gjevast signal som grip inn i styret sitt maktområde.

I samband med framlegging av den årlege eigarskapsmeldinga skal det gjennomførast eit eige møte der tema er eigarskap. I eit slik møte bør valde representantar frå kommunen til styre, bedriftsforsamlingar og generalforsamlingar delta saman med formannskapet. I forbindelse med planlegging av desse møta er det viktig å vera tydeleg på om det på nokre område skal fattast vedtak av formannskapet eller om informasjonen berre skal takast til orientering.

Selskapa

Selskapa skal senda nødvendig grunnlagsmateriell og dokumentasjon til dei valde representantane. Dei har også ansvar for å senda årsrapport og årsrekneskap til kommunen.

Kortversjon av årsrapportar for selskap der kommunen har vesentleg økonomisk interesse vil ha verdi for dei folkevalde og gjera informasjon om aktivitet i selskapa lettare tilgjengeleg for innbyggjarane. Kommunen ønskjer å oppmoda desse selskapa om å utarbeida kortversjon av årsrapporten. Ein kortversjon bør omhandla aktivitet og resultat for førra år og kort om planar og eventuelle utfordring i framtida.

Kommunestyret

Kommunestyret har ansvar for å gje innspel til valkomiteen eller velja representantar direkte.

Kommunestyret skal behandla eigarskapspolitikken kvart fjerde år. Her vert prinsippa for selskapsstyring og rutinane for arbeidet med eigarskap lagt.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskapa. Kommunestyret skal minst ein gong i løpet av valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvala gje rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultata av desse. Der det er fleire eigarkommunar er det viktig med ein dialog mellom desse om korleis ein skal driva selskapskontrollen for desse selskapa.

Kontrollutvalet si oppgåve er todelt. Det er ein obligatorisk del kalla eigarskapskontroll. Denne inneber ei vurdering av eigarskapsutøvinga og forhold knytt til rapportering og informasjonsflyt frå eit eigarperspektiv. I tillegg kan kommunestyret avgjera om det også skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon. Ein forvaltningsrevisjon inneber systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut i frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har kvart år ansvar for utarbeiding av eigarskapsmelding og tilrettelegging av møte med valde representantar. Kvart fjerde år skal økonomiavdelinga utarbeida forslag til eigarskapspolitikk. Fordi mange kommunar i regionen er eigarar i dei same selskapa, er det etablert ei administrativ interkommunal eigarskapsgruppe. Denne gruppa drøftar kommunane sine eigarstrategiar og organiseringa av dei interkommunale selskapa.

Økonomiavdelinga har i oppgåve å laga ei ramme for at dei folkevalde får eigarlag på dagsorden jamleg.

Slik vil me gjera det:

- Gjera rulinane kjende for alle som har ansvar
- Gjennomføra opplæring av folkevalde
- Ha eit årleg møte med formannskap og valde representantar der tema er eigarlag
- Oppmoda selskap der kommunen har vesentleg økonomisk interesse om å utarbeida kortversjon av årsrapporten

3.4 Reglar for val og kommunen sine retningslinjer

Som ein hovudregel bør kommunestyret oppnemna sentrale folkevalde til eigarorganet. Dess større behovet er for politisk kontroll dess viktigare er dette. Det vil bidra til å forenkla samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet. KS tilrår at ordførar eller rådmann ikkje bør sitja i styre i selskap.

Aksjelova seier ikkje noko om kven som skal møta som aksjonær. I eigarorganet, som enten er bedriftsforsamling eller generalforsamling, tilrår KS at sentrale folkevalde som ordførar eller andre kommunestyrrepresentantar representerer eigaren. Ordførar eller andre kommunestyrrepresentantar må gjevast fullmakt for å kunna stemma på generalforsamling.

Dersom formålet med selskapet er reine driftsoppgåver, er det ingen ting i vegen for at administrasjonen sit i eigarorganet.

I styra til selskap som leverer sjølvkosttenester er rolla til dei valde representantane svært viktig fordi det er innbyggjarane som må betala rekninga for avgjerder knytt til investeringar og drift. Dette får ein direkte økonomisk konsekvens for innbyggjarane.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret sin kompetanse samla sett er tilpassa verksemda i det enkelte selskap. Styreverv i selskap er eit personleg verv. Medlemmer av selskapsstyret representerer berre seg sjølv og ikkje nokon spesielle eigarar. Dei skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det betyr at ein som styremedlem ikkje representerer verken parti, kommunen eller andre interessentar, men tek i vare selskapet sine interesser og eigarane samla sett på best mogleg måte ut i frå selskapet sitt formål, styringsdokument og lovar.

KS har komme med tilrådingar til kva kompetanse styremedlemmer bør ha:

- Kunnskap om den lovgivinga, forskrifter og avtaler som har betydning for selskapet si drift
- Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie
- Kompetanse på offentleg forvaltning og dei politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lesa økonomiske utviklingstrekk og foreta nødvendige grep ved behov
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som for eksempel juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMS, leiing eller organisasjon
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innanfor bransjen
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemder

Styret samla sett bør vera samansett slik at all denne kompetansen vert ivaretaken. Dei enkelte styremedlemmene bør alle ha kompetanse på dei tre første punkta. Dei andre punkta må styret samla sett ha god kompetanse på, og ei heilskapleg vurdering av samansetninga av styret vil vera viktig for å ivareta dette.

Det vert anbefalt at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform søker å ha ein balansert kjønnsrepresentasjon. I samsvar med IKS-loven § 10 er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarende for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredjedelar av aksjane i selskapet. Dette følgjer av kommunelova § 80 a.

For å sikra ei heilskapleg og samla innstilling med forslag til medlemmer til styrer og eigarorgan, bør det etablerast ein valkomité for å utarbeida eit forslag til kandidatar som vert lagt fram for kommunestyret til vedtak.

Ved val av styre til kommunalt eigde selskap bør det vera vedtektsfesta at det skal nyttast valkomité.

Inabilitet

Inabilitet oppstår mellom anna når ein kan anta at ein person har personlege interesser i utfallet av ei sak som skal behandlast og at ein antek at dette har påverknad på vedkommande sine vurderingar under behandlinga av saka.

Når ein skal velja folkevalde eller tilsette i kommunen til styremedlemmar i selskap som kommunen har eigardelar i, bør kommunen vurdera kor ofte vedkommande vil vera inhabil. Dersom inabilitet vil førekoma ofte, må ein vurdera om det er hensiktsmessig å velja den aktuelle personen til styremedlem. Kommunestyret må avgjera om ulempene med å ha den aktuelle personen i styret overstig dei fordelane det vil ha å velja vedkommande.

Styremedlemmar i morselskap bør ikkje sitja i styret i dotterselskap, fordi styret i morselskap utgjer generalforsamling i dotterselskap.

Styrene bør etablira faste rutinar for å handtera moglege habilitetskonfliktar.

Slik vil me gjera det:

- Følgja opp gjennom eigarmeldinga at det vert nytta valkomité i kommunalt eigde selskap

3.5 Selskapa sitt samfunnsansvar

Å ta samfunnsansvar vil seia at ein tek ansvar for verksemda si påverknad på menneske, samfunn og miljø ut over det som er lovpålagt. Det krev at selskapa tek eit brent ansvar mellom anna knytt til miljø, etikk, openheit og likestilling. Gjennom sitt samfunnsansvar bidreg selskapet til ei positiv samfunnsutvikling, styrker eigen konkurransekraft og opptrer i tråd med universelle normer og verdiar.

Effektiv bruk av ressursar og minimalisering av negativ påverknad på det ytre miljø er ein føresetnad for langsiktig verdiskaping. Ei bevisst haldning til etikk bidreg til å skapa god forretningskultur i selskapa. Dette er viktig for å førebyggja korруpsjon. Det skal vera nulltoleranse for korruksjon i selskapa.

Kommunen som eigar bør sjå til at styra i selskapa utarbeider og jamleg reviderer dei etiske retningslinjene for drifta. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med befolkninga si oppfatning om rett og galt. Dei etiske haldningane legg grunnlaget for korleis ein handlar. Retningslinjene bør diskuterast i styret årleg og eventuelt reviderast.

Kva som er samfunnsansvarleg forretningsdrift må definerast av det enkelte selskap. I eigarstrategiane for dei enkelte selskapa kan dette inngå som eit tema.

Slik vil me gjera det:

- Omhandla etiske retningslinjer i selskapsavtaler
- Gje styremedlemmer opplæring i samfunnsansvar og etisk forretningsførsel

3.6 Godtgjering

Godtgjeringa bør reflektera styret sitt økonomiske og strafferetslege ansvar, i tillegg til kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i verksemda. Dette inneber at honorar i selskap som operer i ein marknad der det er betydeleg risiko, bør reflektera dette ansvaret. Styreleiar bør ha høgare godtgjering enn styremedlemmane. Kommunen tilrår at selskapa gjer ei konkret vurdering av behovet for styreforsikring som gjeld det økonomiske ansvaret for styremedlemmane.

Aksjelova gjev generalforsamlinga ansvar for å fastsetja godtgjering til styremedlemmane. I eit IKS er det representantskapet som har dette ansvaret.

Slik vil me gjera det:

- Oppmoda til at styrehonorar vert lagt inn i styrevervregisteret

3.7 Vurdering av behov for utarbeiding av eigarstrategiar

Kommunen bør ha ein open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i ulike selskap. Når kommunestyret har vald å leggja ein del av si verksemd inn i eit selskap, fører det til overføring av styringsrett til verksemda. Oppgåva til styret og administrasjonen i selskapet er å trekkja opp verksemds- og forretningsstrategien innanfor ei ytre ramme som er sett av eigarane. Den ytre ramma er eigarstrategien og innanfor denne skal selskapet ha betydeleg spelerom.

Ein eigarstrategi er eit dokument som skal bidra til å styrkja og tydeleggjera kommunen si eigarstyring av eit bestemt selskap. Eigarstrategien fastset rammene for kommunen si eigarstyring og uttrykkjer kommunen sine forventningar til selskapet si verksemd. Dei styrande organa i selskapet og kommunen har ansvar for å operasjonalisera strategien. Ein eigarstrategi utdjupar dei generelle måla og strategiane kommunen har for eigarskap. Eigarstrategiane har klare mål, forventningar og strategiar for det enkelte selskap.

Praksis er at der det er fleire kommunale eigarar av eit selskap har desse kommunane samordna eigarstyringa gjennom å utarbeida felles eigarstrategiar.

Time kommune har saman med dei andre eigarane utarbeidd eigarstrategiar for følgjande selskap:

- LYSE AS
- Rogaland Brann og Redning IKS
- IVAR IKS

Desse eigarstrategiane samsvarar med dei prinsippa for eigarskap som går fram av eigarskapspolitikken.

Time kommune har ikkje utarbeidd eigarstrategi for Jæren industripartnar AS, Jæren Skoglag AS og Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS. Kommunen meiner at det vil vera hensiktsmessig å prioritera å utarbeida ein eigarstrategi for dei selskapa der kommunen har over 20 prosent eigardel. Dette gjeld då for Jæren Industripartnar AS.

Slik vil me gjera det:

- Nyttar godkjente eigarstrategiar aktivt i eigarstyring av selskapa
- Drøfta ein felles eigarstrategi for Jæren industripartnar AS med dei andre eigarkommunane

4. Eigarskapsopolitisk plattform for Time kommune

Den eigarskapspolitiske plattforma til Time kommune er ein samanfatning av dei måla, prinsippa og rutinane som skal leggjast til grunn for utøving av eigarskapet. Plattforma vart oppdatert i 2015 og vedtatt av kommunestyret i KS-035/15. Det er ikkje funne behov for å justera denne i samband med utarbeidning av eigarskapspolitikken.

4.1. Motiv og mål med offentlig eigarskap

Ein eller fleire av dei fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

4.2 Grunnlag for godt offentleg eigarskap

4.2.1. Krav retta mot eigar

1. Det skal vera opne forhold rundt kommunen sitt eigarskap.

- Meiroffentlegheit skal prega utøvinga av eigarskap.
- Det skal vera opne forhold rundt val av styremedlemar.
- Det skal vera opne forhold rundt godtgjersle til styret.

2. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ønskjer å oppnå ved å oppretta eit selskap framfor ei meir ordinær kommunal organisering. Tilsvarande analyse bør gjerast når eigarstrategien skal utarbeidast.

3. Eigar skal fremja interessene sine gjennom generalforsamling og representantskap.

- Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltarane i generalforsamling og representantskap.
- Det bør utarbeidast ein eigaravtale som viser forholdet mellom eigarane, informasjon til eigarane utanom representantskap/generalforsamling, selskapet si verksemd og val av styret.
- Det skal utarbeidast eigarstrategi for IKS og AS kor eigarane sine forventningar til selskapet, mål med eigarskapet og resultatkrav vert tydeleggjort for styre og bedriftsforsamling. Eigarstrategien skal byggjast på formålet i vedtekten. I eigarstrategien skal samhandlinga og informasjon mellom eigarar og selskap klargjerast.

4. Eigar gjev klare mål for selskapet. Styret er ansvarleg for å realisera måla.

- Eigarskapet bør vera føreseilegt og langsigktig (utover fire år).
- Eigarane skal sikra god leiing av selskapet i samspel med styret og leiinga. Eigar skal ha fokus på selskapet sine behov knytt til formålet og langsiktige utviklingsmål.
- Aktiv eigarstyring krev tverrpoltisk forståing av kvifor kommunen er engasjert i selskapet.
- Eigar skal sjå til at det vert utforma styreinstruks som beskriv mandat og samansetting av styret, styremøta sin forretningsorden og saker som skal behandlast i styre, saksbehandlingsreglar (lovgunnlag), og informasjon utanom styremøte.

- Det må vera klart skilje i selskapsdokumenta mellom kommunen som eigar og brukar for å unngå mistanke om at kommunale selskap vert forfordelte i forhold til andre selskap, eller at det vert stilt for låge krav frå eigar eller at selskapet på andre måtar er tildelt ressursar som gjev eit ekstra konkurransefortrinn.
 - Vedtekter eller selskapsavtale bør tydeleg visa om selskapet skal utføra oppgåvene sjølv eller om dei skal eksponerast for konkurranse.
 - Ved leveranse av tenester frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtaler.
 - Gjennom resultatkrav og rapportering gjev eigaren tydeleg signal om kva som vert forventa av selskapet. Det er naturleg at eigar målar resultat ved avkastning på den kapitalen selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS forhold, samt krav til likestilling i styrande organ.
 - Ein aktiv eigar utarbeidar ein klar utbyttepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stilla dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjera.
5. Det skal utarbeidast eigarskapsmelding (årleg) og eigarskapspolitikk (kvart fjerde år) om kommunen sin samla eigarskap.

4.2.2 Krav retta mot selskapet

6. Selskapet skal vera bevisst samfunnsansvaret sitt.

- I årsrapportar skal det rapporteras etter prinsippa om berekraftig utvikling, det vil seia å integrera økonomisk, miljømessig og sosial rapportering.

7. Eigarane skal behandlast likt.

- Selskapet skal gje dekkjande informasjon i god tid om saker som er til behandling. Saksdokumenta bør vera utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal behandlast.
- I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
- For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representant-skapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.
- Innkalling til styret, representantskap og generalforsamling skal sendas til rådmann og ordførar i eigarkommunen som ein del av ordinær utsending.

8. Opningsbalanse skal vera tilpassa formålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.

- Finansieringa av selskapet må tilpassast type verksemdu.
- Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
- Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding tilpassa verksemda.
- Lønns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vera rimelege. Hovudprinsippet bør vera at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.

9. Styret skal vera samansett slik at det har nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.

- Samansettinga av styret må ein sjå i forhold til formål.
- Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkomande sin kompetanse og styret si totale samansetting.
- I selskap med betydelege sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemmar i styret skal vera nært knytte til kommune si politiske eller administrative leiing.
- Same person skal ikkje sitja i både generalforsamling og styre i eit selskap.

10. Styret skal på uavhengig grunnlag ha ein aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressurssituasjon. Styret bør:

- Leggja til rette for god dialog på generalforsamlinga mellom eigarar, styret og leiinga.
- Fastsetja ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Utarbeida plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling, samt evaluera verksemda si.
- Nye styremedlemmar må lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

4.3 Arbeidsformene for politisk og administrativ utøving av eigarolla

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

4.3.1 Rolla til dei valde representantane

- Dei valde representantane i representantskap, bedriftsforsamling og generalforsamling skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine eigarorgan. Vedtekten til selskapet, eigarstrategi og eventuell aksjonæravtale er dei sentrale styringsdokumenta for utøving av eigarskapsrollen i enkeltsaker som vert behandla i eigarorganet.
- Styremedlemmene har ansvar for at oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav. Formålet i vedtekten er direkte styrende for arbeidet og sett den overordna ramma for selskapet si verksemd. Eigarstrategien for selskapet tydeleggjer eigarane sine forventningar, resultatmål og krav til selskapet. Dette inkluderer forventningar knytt til forvaltning av formue, avkastning på innskoten kapital og eventuelle forventingar til utbytte. I aksjeselskap kan det i aksjonæravtalen vera fastsett vilkår for utdeling av midlar frå selskapet.
- I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan kommunestyre eller formannskap instruera representantane gjennom behandling og vedtak i saker som skal behandlast i selskapet.

4.3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet

Før møte i eit selskap skal dei valde representantane frå Time kunna få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte: Dersom ein representant melder inn sak eller emne før møte i formannskapet, vurderer ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det vert tatt opp sak i formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representanten får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i formannskapet. Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gjev svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

4.3.3 Rapportering om eigarolla til Time kommune

a. Kvart år skal det leggjast fram ei årleg orientering om eigarskapa gjennom ei eigarmelding. Denne skal leggjast fram for kommunestyret og vil innehalda følgjande informasjon om selskapa:

- Organisasjonsform og lovheimel
- Stiftelsdato, eigarar og eigardelar
- Styringsdokument (vedtekter/selskapsavtale, tenesteavtalar etc.)
- Selskapet sitt formål (formålsparagrafen i vedtekter/selskapsavtalar)
- Dei sentrale oppgåvene til selskapet (orientering om oppgåvene)
- Styringsform og styringsorgan
 - Styret (fordelt på eigarane)
 - Generalforsamling/representantskap (fordelt på eigarane)
- Kommunen sin representasjon i selskapet (styret og eigarorgan)
- Datterselskap og tilknytte selskap (namn og morselskapet sin eigardel)

- Kommunen sitt økonomiske engasjement (betaling, utbytte, etc.)
 - Nøkkeltall for selskapet (regnskapsmessige nøkkeltall, sjukefråvær etc.)
 - Oppfølging av praksis (sjå til at følgjande er etablert: valkomité, etiske retningslinjer, styreinstruks, eigenevaluering, plan for styret sitt arbeid)
 - Orientering om eventuelle aktuelle saker
- b. Kvart fjerde år skal det leggjast fram ein eigarskapspolitikk for kommunestyret. Dette skal skje tidleg i kvar valperiode. Eigarskapspolitikken skal innehalda følgjande hovudpunkt:
- Eigarportefølje
 - Kriterier og lovgrunn for val av selskapsform
 - Prinsipp for godt og aktivt eigarskap og utøving av eigarskapet



Vedlegg

Eigarstrategiar for

- Lyse AS
- IVAR IKS
- Rogaland Brann og Redning IKS

